

Arkivnr: 2018/426-59
Saksbehandlar: Ronny B. Skaar

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

Fordeling av midlar til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2018**Samandrag**

Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld er ugild i saka, så handsaminga av saka vart overført til seksjonsleiar/utviklingssjef Ronny B. Skaar.

Ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles tilskotsordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge. Målet for tilskotsordninga er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet. Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet.

Det viser seg ved gjennomgangen av søknadane innkomne etter fristen 15. februar i år, at det er fleire av våre aktuelle satsingsområde som ikkje er representert i søknadsmassen. Særleg er desse to punkta underrepresentert:

- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom

Fylkesrådmannen rår til at kr 575 000,- av budsjett 2018 vert tildelt i ny søknadsrunde med frist 15. september 2018, øyremerka desse to innsatsområda.

Økonomi: Det vert løyvd kr. 2 200 000 over budsjettpost 400.420

Klima: Tiltaka er i hovudsak knytt til innbygarane sine nærmiljø.

Folkehelse: Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar

Regional planstrategi: Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

Generelt:	
Budsjett 2018:	Kroner 2 200 000
Søknadsfrist 2018:	15. februar
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2018:	
Tal på søknadar:	75
Samla søknadssum:	4 276 830,-
Tilrådd til fordeling:	1 625 000,-
Til gode til ny evt. søknadsrunde 15. september:	575 000,-

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det er god spreing i søkjarane både når det kjem til geografi, aktivitet og søknadssum. Det er varierte søknader og mange gode prosjekt. Det er særleg kjekt å merke seg stor grad av inkluderingsarbeid i tiltaka det vert søkt tilskot til.

Forslag til vedtak

- 1 Det vert lyst ut kr 575 000 i ny søknadsrunde med frist 15. september 2018. Søknader knytt til fysisk aktivitet i skulen og utvikling av aktivitet i eksisterande anlegg vil bli prioritert.
- 2 Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 625 000 kroner over budsjettpost 400.420 som vist i tabell:

1	Aktiv Seilas - vennelaget for Seladon	Stord, Fitjar og Bømlo	Aktivitet med utsett barn og unge	30000
2	Algrøy Bygdalag	Fjell	Prosjekt skuleplass	0
3	Alvermarka Vel	Lindås	Grusbaneprosjektet Alvermarka	0
4	Askøy Kommune	Askøy	Fuglekasseprosjektet på Herdla Fort	0
5	Austevoll Idrettsklubb	Austevoll	Aktivitetspark/Vikingparken	0
6	Austevoll Idrettsklubb	Austevoll	Back to basic	16000
7	Austevoll kommune	Austevoll	Maritim vandring i Austevoll	0
8	Austevoll Seilforening	Austevoll	Ren seilglede Bekkjarvik	45000
9	Austrheim kommune	Austrheim	Teljepunkt ved Vardetangen. Friluftsområde ved Noregs vestlegaste fastlandspunkt	31000
10	Austrheim ungdomsklubb	Austrheim	Aktiv kvar dag for Friskusane - sanser og bevegelses løype	50000
11	Autismeforeningen i Norge Hordaland	Hordaland	Tilrettelagt trening i vann og gymsal for barn og unge med autisme.	25000
12	Bergen Golfklubb	Bergen	Fysisk aktivitet gjennom golfporten	0
13	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Utvikling av klatretilbud for barn og unge	40000
14	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Inkluderende friluftsliv i Bergen og Hordaland Turlag	50000
15	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Vinteraktivitetsdag på Kvamskogen 10. mars 2018	0
16	Bergen Røde Kors	Bergen	Aktiv oppvekst med BARK	0

17	Bremnes Idrettslag	Bømlo	Smaka på idrett!	40000
18	Bulken IL	Voss	Motorikkpark	10000
19	Bømlo Turlag	Bømlo	Friluftsliv for alle	0
20	Dyktig 4H	Voss	Utstyrshengar for friluftsliv for ungdom	25000
21	Eidfjord Kommune	Eidfjord	Trimpark	0
22	Etne Turlag	Etne	Teljepunkt turvegen Etne - Ølen (Gamlevegen)	37000
23	Fedje Idrettslag	Fedje	Få barn og ungdom ut i aktivitet.	25000
24	Fitjar Idrettslag	Fitjar	Stolpajakt	0
25	Fjell Kommune	Fjell	Meistring gjennom karate	20000
26	Fjell Kommune	Fjell	Aktivitet og meistring med badminton	20000
27	Fjell Kommune	Fjell	Meistring på symjing	25000
28	Fjell Kommune	Fjell	Sommer i Vest - Aktiviteter og camper for ungdom 13-18 år	30000
29	Fjell ungdomsskule	Fjell	Tirsdagsgruppe - Sosialisering og mestring gjennom aktiviteter	20000
30	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Nye Landsmenn - innføring i norsk friluftsliv	30000
31	Fusa kommune	Fusa	Utstyrsbank for alle	50000
32	Fusa Turlag	Fusa	Kajakk-kurs for barn og ungdom	10000
33	Granvin Turlag	Granvin	Kultur- og historieløype med overnatting i trelavvo for 5-7 klasse, i regi av Granvin turlag	0
34	Handikappede Barns Foreldreforening	Hordaland	Fysisk aktivisering av handikappede barn gjennom lek og samspill	50000
35	Hetlevik Idrettslag	Askøy	Hetlevik på SNEI - en bygd med Spreke, Naturglade og Entusiastiske Innbyggere	30000
36	Hordaland idrettskrets	Hordaland	Inkludering og mangfold i idretten i Hordaland. Idretts glede, muligheter og utfordringer for alle	100000
37	Husnes Indremisjon - KRIK/Nattcafe	Kvinnherad	Nattcup 2018	0
38	Idrett Bergen Sør	Bergen	MEGA for alle	60000
39	Idrett Bergen Sør	Bergen	Idrett Bergen Sør skaper åpne møteplasser for barn og ungdom	25000
40	Kalandseidet Idrettslag	Bergen	Bredt&Godt! - Sommeraktivitetsuke	0
41	Knarvikmila AKS 77	Lindås	Tuftepark Nordhordland 2018	0
42	Kolbeinsvik Vel	Austevoll	Kolbeinsvik Aktivitetspark	0
43	Kvinnherad Kommune	Kvinnherad	Utstyrsentral	50000
44	Meland kommune	Meland	Veival - Aktiv: ungdom for ungdom	40000

45	Melingsåsen Velforening	Austevoll	Flyhaugen samlingsplass	20000
46	Naturvernforbundet Hordaland	Hordaland	Naturglede Hordaland	40000
47	Navar Miljø og Fritid	Bergen	Familieklatrebanken	14000
48	Navar Miljø og Fritid	Bergen	Helgetur med seglskuta Seladon	0
49	Nordhordland Padleklubb	Nordhordland	Padling for ungdom	50000
50	Norges Jeger-og Fiskeforbund	Hordaland	Wild West 2018	40000
51	Norges Jeger-og Fiskeforbund	Hordaland	Fiskesommer 2018	20000
52	Norges Volleyballforbund	Hordaland	Ball&begeistring	40000
53	Odda Fotball Klubb	Odda	SPV FFO	20000
54	Os Orienteringsklubb	Os	Orientering inn i skulen og ut i fritida - trinn II	40000
55	Os Ungdomslag	Os	Steindalsetra - utferdstad for born og unge i kommunen	0
56	Psykiatriliansen BIL	Bergen	Psykiatriliansen, alle er velkommen alltid	30000
57	Puddefjorden Kajakklubb	Bergen	Skolepadling med Ny-Krohnborg og Holen skoler	12000
58	Radøy Kommune	Radøy	Aktiv friluftstilbud for ungdom	50000
59	Radøy Kommune	Radøy	Aktiv ferie	40000
60	Radøy Kommune	Radøy	15 turar i Alver	0
61	Ressurssirkelen	Bergen	Musikk, teater, dans og tilrettelagt idrett	25000
62	Rubbestadneset Idrettslag	Bømlo	Åpen hall/vaffelsøndag/meir bruk av hallen	30000
63	Somaliske Kvinneforening	Bergen	Internasjonal aktivitetsgruppe på Møhlenpris	0
64	Sotra Badminton Club	Fjell	Jentetiltak 2018	15000
65	Sportsklubben Trane	Bergen	LIM (LekserIdrettMat)	50000
66	Sportsklubben Trane	Bergen	Ungdom vekk fra gaten	0
67	Stord Idrettslag	Stord	Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom på Stord inkl Mottak	30000
68	Undarheim skule	Kvinnherad	Teater og leike prosjekt	0
69	Valestrand idrettslag	Osterøy	Utstyrsbank	20000
70	Voss Idrettslag	Voss	Symjeopplæring for 8-10 klasse	30000
71	Voss Røde Kors Lokalforening	Voss	Aktiv fritid for unge busette flyktningar	10000
72	Voss Utferdslag	Voss	Friskus i friluft	15000

73	Voss Utferdslag	Voss	opptur	0
74	Voss Villmark Ungdomsbedrift	Voss	Vossa vågar	0
	Totalt			1625000
	Til ny søknadsrunde			575000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 4.04.2018

Fylkesidrettssjefen er ugild i saka, og sakshandsamar er Ronny Skaar.

Ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje på denne felles tilskotsordninga for tiltak innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge.

Tidlegare var det fire ulike ordningar, men frå 2016 vart dei samla i denne ordninga. Dette er i samsvar med føringar i Regional kulturplan 2015-2025. Fylkestinget vedtok 14. desember 2016 å løyve kr 200.000 til dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt. I sak 5/2017 vedtok utval for kultur, idrett og regional utvikling å inkludere desse midlane i tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom. Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt vert sett opp som eit nytt punkt under prioriterte prosjekt i retningslinene for ordninga, og det skal løyvast minimum kr 200.000 knytt til dette føremålet. Målet for tilskotsordninga er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet.

Det viser seg ved gjennomgangen av søknadane innkomne etter fristen 15. februar, at det er fleire av våre aktuelle satsingsområde som ikkje er representert i søknadsmassen. Tiltak for å nå ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule og tiltak knytt til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom, er begge underrepresentert blant søknadane. Både regional kulturplan, regional plan for folkehelse og Utviklingsplan for Hordaland 2016 - 2020 har fokus på satsing kring skule. Vi ser dette i samanheng med vedtak i Stortinget 7. desember 2017 om at regjeringa skal fremme ei stortings sak som sikrar grunnskuleelevar minst ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag og Gjensidigestifting si satsing på dette gjennom å tildele 24 millionar i perioden 2018-2020 til eit fem-årig prosjekt gjennom etablering av nytt nasjonalt senter på Høgskulen på Vestlandet som skal bu skular og lærarar på fysisk aktiv læring. I tillegg ønskjer Fylkesrådmannen auka fokus på utvida bruk av kultur- og idrettsbygg til aktivitet og utvikling av møteplassar. Dette kan t.d. vere tiltak og aktivitet som aukar bruken av eksisterande idrettsanlegg, både innandørs og utandørs. Dette er tema som vil få fokus framover gjennom t.d. delprosjekt i Idrettscampus Bergen, Dialogkonferansen for idrett og friluftsliv, Folkehelsekonferansen 2018 og gjennom arbeidet med regionsreforma i samarbeid med Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen rår til at delar av midlane til denne ordninga vert tildelt i ny søknadsrunde med frist 15. september, for å kunne sette ekstra fokus på dei to områda ovanfor, som er aktuelle tema både regionalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt.

På bakgrunn av dette rår Fylkesrådmannen til at kr 575 000,- av budsjett 2018 vert tildelt i ny søknadsrunde med frist 15. september 2018, øyremerka desse to innsatsområda.

Prioriterte prosjekt:

- Tiltak som hindrar fråfall frå organisert aktivitet for ungdom
- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule
- Tiltak retta mot inkludering av fleirkulturelle gjennom idrett og friluftsliv
- Lokale friluftslivstiltak som legg til rette for det enkle friluftslivet (dette kan også vere t.d. utandørs treningsapparat og felles utstyrsbankar)
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom
- Dokumentasjon av turbruk ved å investere i teljepunkt

Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 10.000 til 100.000 kroner. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per time). Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar. Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Det blir oppmoda til samarbeid mellom kommunar og organisasjonar. Det blir ikkje

løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift. Tiltak som har fått tilskot i tre år blir ikkje prioriterte. Alle søknader om tilskot til teljepunkt vert tildelt full søknadssum. Dette er under føresetnad om deltaking på regional samordning av bruk av teljepunkt.

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.